

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

**Vår dato:** 12.02.2025

**Vår ref.:** 202319860-2 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

## Høyring av søknad om Espeland kraftverk i Bjerkreim kommune i Rogaland

NVE har motteke ein søknad frå Espeland kraftverk AS, datert 18.12.2023, om løyve til å bygge Espeland kraftverk. Søknaden med vedlegg er lagt ut på [www.nve.no/9280/V](http://www.nve.no/9280/V), og den blir kunngjort av NVE i Dalane Tidende. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden kan du ta kontakt med Jan Ove Øksendal i Småkraftkonsult AS på tlf. 90 89 25 58, eller e-post: [janove@smakraftkonsult.no](mailto:janove@smakraftkonsult.no).

### Kva søknaden gjeld

Espeland Kraftverk AS søker om løyve til å bygge Espeland kraftverk i Espelandsfossen. Inntaket skal plasserast under sjølve Espelandsfossen, der det er ein kulp danna av eksisterande skogsbilveg. Frå inntaket på kote 271 skal vassvegen gå i ei ca. 350 m lang røyrgate fram til kraftstasjonen på kote 182. Den øvste og bratte delen av røyrgata vil gå i dagen, medan resten skal gravast ned. Middelvassføringa i elva er 648 l/s. Det er planlagt ei maksimal slukeevne i kraftverket på 512 l/s. Saman med ein installert effekt på 0,4 MW vil dette ifølgje søknaden gje ein årleg middelproduksjon på om lag 1,85 GWh. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring på 70 l/s heile året. Espeland er del av Bjerkreimsvassdraget som er verna gjennom supplering av verneplan for vassdrag frå 2005. Vassdraget har store verdiar knytt til biologisk og geologisk mangfald, landskapsbilete, friluftsliv og kulturmiljø.

Vanlegvis er kommunen konsesjonsmyndighet for vasskraftverk under 1 MW. Espeland kraftverk er planlagt i Bjerkreimsvassdraget, som er verna etter verneplan for vassdrag. Denne søknaden kjem difor innunder unntaket i § 1 bokstav a i *Forskrift om kommunens myndighet i mindre vannkraftsaker*, som handlar om verna vassdrag. NVE vil difor behandle denne konsesjonssøknaden.

### Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

Alle som har ei meining om saka, kan sende ein uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for uttalar, som de finn på [www.nve.no/9280/V](http://www.nve.no/9280/V)



- via e-post til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no) (merk e-post med «Høyringsuttale 202319860» i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

Frist for uttale er **04.04.2025**.

Uttalen eller deler av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen dykkar er lang, er det difor ein fordel om de lagar eit samandrag som kan brukast til dette.

### **Kva ønskjer vi innspel om?**

Vi ønskjer grunnleggjende synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også forslag til avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane.

Vi ber kommunen informere om kjente allmenne interesser som kan bli påverka av tiltaket. Dette kan vere friluftslivsinteresser, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Det er også av interesse for oss å få informasjon om planstatus, status i forhold til vassforskrifta, eksisterande vassuttak eller andre aktivitetar i vassdraget osv.

Vi ber Statsforvaltaren og fylkeskommunen om å vurdere om kjente allmenne interesser kan bli påverka, og i tillegg vurdere tiltaket opp mot sitt sektoransvar.

### **Informasjon om saksbehandlinga**

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 og 5 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8.

Etter at høyringsfristen er ute får søkar anledning til å kommentere innkomne høyringsuttalar, før NVE vanlegvis gjennomfører synfaring i området. Alle som har sendt inn uttale vil bli invitert på synfaringa.

Søknaden, synfaringa og innkomne uttalar er eit viktig grunnlag for NVE si vurdering. NVE fattar vedtak i saka etter kriteriet i vassressurslova § 25, som er at fordelane må vere større enn ulempene for at vi skal kunne gje løyve. I tillegg vil vi vurdere tiltaket opp mot §§ 34 og 35 som seier at ingen må gjennomføre kraftutbygging i strid med Stortinget sitt vedtak om vern av vassdrag, og at bygging av kraftverk berre kan skje der det ikkje er til skade for verneverdiane. Eit vedtak blir alltid grunnleggjende.

Dersom NVE gjev løyve/konsesjon, kan det vere knytt vilkår til denne, jf. vassressurslova § 26.



NVE sitt vedtak kan klagast på til Energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet det er komme fram til parten. Retten til å klage avgrensar seg til dei som har klagerett.

Med helsing

Gry Berg  
seksjonssjef

Tore Opdahl  
seniorrådgiver

*Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner*



**Mottakarliste:**

ROGALAND FYLKESKOMMUNE  
STATSFORVALTEREN I ROGALAND  
Bjerkreim kommune  
MILJØDIREKTORATET  
Norges Miljøvernforbund  
Forum for natur og friluftsliv Rogaland

**Kopimottakarliste:**

TBD - Seksjon for dampsikkerhet - Roar Sivertsgård  
Småkraftkonsult AS  
Småkraftkonsult AS - Jan Ove Øksendal  
Tor Gunnar Gjedrem